



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Nasjonal transportplan 2018-27, analyse av lufthamnstrukturen – Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vi viser til brev av 05.11.2014 der fylkeskommunen ber om oversikt over tal flyreiser til/frå Oslo og Bergen og synspunkt på kva det vil bety dersom den flyplassen vi nyttar vert lagt ned.

Først vil Lotteri- og stiftelsestilsynet understreke og gje støtte til fylkesordføraren si oppmoding om å oppetre samla i argumentasjonen i denne saka.

Vi er som verksemd ein betydeleg brukar av Førde lufthamn med eigne reisande (70 tilsette) og ikkje minst besøkande. Vi har tilsette som også nyttar flyplassane både i Florø og på Sandane ved sine jobbreiser.


Året 2013 hadde Lotteri- og stiftelsestilsynet 266 flyreiser tur/retur Oslo, for eigne tilsette. Tilsvarende tal for Florø og Sandane var høvesvis 24 og 5 same år. Flyreiser til/frå Bergen har svært lite omfang for oss som verksemd. Ein kan rekne 2014 som tilnærma lik 2013, det har ikkje skjedd større endringar i reisemønster. Ein typisk aktiv reisande hos oss har i snitt 1 til 2 flyreiser t/r Oslo per måned.

I tillegg til våre eigne reisande kjem besøkande i samband med møte og konferansar vi held i Førde. Dette har vi ikkje eksakte tal på fordi besøkande sjølv står for si eiga reise, og det varierer ein del ut i frå om vi arrangerer konferansar det enkelte år. Då vi t.d. arrangerte stiftelseskonferansen våren 2013 så hadde denne nærmare 150 deltakarar, og eit stort tal av desse kom med fly frå Oslo.

Ein kan rekne at minimum 100 besøkande kjem til oss med fly t/r Oslo kvart år.

Det er i all hovudsak ruta Førde-Oslo som vert nytta i samband med våre flyreiser. Det kjem av at eit fleirtal av dei aktørar vi samhandlar med i frivilligheiten, i spel- og lotteribransje, i Stiftelsar samt i det offentlege, har sin base i Oslo.

For Lotteri- og stiftelsestilsynet er det av svært stor betydning at ein opprettheld både struktur og rutetilbod på flyplassnettet i fylket. **Det at aktørar vi samhandlar med i hovudstaden ser på reiser til/frå Førde som like uproblematisk som reiser til/frå Trondheim og Bergen, det vil vi våge å påstå har vore og er ein av dei mest avgjerande faktorane både for vår oppretting og for vidare eksistens i Førde.**



Vår dato
20.11.2014

Vår referanse
14/06694-2/009

Lotteri- og stiftelsestilsynet er døme på ein type offentleg verksemd som i sin natur er avhengig av både tillit og velvilje frå sentrale styrande organ. Flytilbod må ikkje undervurderast som faktor når myndigheiter og andre aktørar i hovudstaden vurderer kor hensiktsmessig det er å lokalisere landsdekkjande direktorat- og tilsynsfunksjonar i eit distrikt som Sogn og Fjordane.

Vi vil på dette grunnlaget sterkt åtvare mot strukturendringar som medfører lengre jobbreisetid for tilsynet sine tilsette og besøkjande. Betre vegløysingar, m.a. standardheving for E39, er eit gode for oss som buande i vår region, men dette kan ikkje for oss som verksemd på nokon måte erstatte nytten av det desentraliserte kortbanenettet vi har i dag. Departement og andre besøkande til Lotteri- og stiftelsestilsynet kjem ikkje over fjellet i bil.

Med helsing

Atle Hamar
direktør